

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er sendt ut til alle som deltok på møtet, med merknadsfrist 5. juni 2009. Dette er det godkjente referatet frå rådsmøtet 20. mai 2009.

Møtedato: 20. mai 2009

Desse møtte:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold, Randi Koppen, Margery Vibe Skagen, Margareth Hagen, Benedicte M. Irgens, Lillian Helle, Ana Beatriz Chiquito, Beatrice Sandberg.

Frå gruppe B: Bente Hannisdal

Frå gruppe C: Ingunn Voster

Frå gruppe D: Stephan Daus, Ingeborg Eirinsdatter Fredriksen og David Y. Seetiangtham.

I tillegg møtte instituttleiar Leiv Egil Breivik og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug, begge utan røysterett.

Beatrice Sandberg nytta høvet til å ønskja velkomen til det siste møtet i det noverande instituttrådet, og ho gratulerte samstundes Lillian Helle med valet til prodekan ved fakultetet.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 30. mars 2009

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Instituttleiar Breivik orienterte om at fakultetet reknar med å føra vidare eit underskot på over 10 millionar frå 2009 til 2010. Ein reknar altså ikkje med å kunna byggja ned underskotet i 2009, snarare tvert om. Fakultetsstyret drøftar økonomien på møtet i slutten av mai. Eit aktuelt sparetiltak er å utsetja oppstart i alle nye stillingar til årsskiftet, inkludert dei nye stipendiatstillingane.
- B. Breivik opplyste at IF er innstilt til tre av dei ti nye stipendiatstillingane ved fakultetet. Fakultetet sjekkar no at alle dei innstilte har det formelle grunnlaget i orden før eventuell tilsetjing, og så blir det tilsetjing på møtet i fakultetsstyret 16. juni.
- C. Breivik orienterte om arbeidet med den nye programporteføljen. Saka skal leggjast fram til vedtak i fakultetsstyret. Fakultetsleiinga innstiller at det blir oppretta eigne bachelorprogram for alle faga. Vidare blir det i denne omgangen tilrådd å leggja ned to av dei tilrettelagde programma. Når det gjeld årsstudium, blir det foreslått å oppretta to kategoriar: framandspråk og humanistiske studium.
- D. Arbeidet med fagstrategi og –dimensjonering går sin gang. Breivik er med i arbeidsgruppa på fakultetsnivået, saman med instituttleiar Christhard Hoffmann frå AHKR og administrasjonssjef Steinar Thunestvedt frå FoF. Kjerstin Tønseth er sekretær. Gruppa skal leggja fram ei innstilling om kvalitets- og resultatparameter for faga ved fakultetet. Sjølv parametra blir behandla i fakultetsstyret 16. juni, og så blir dei ulike faga vurderte utover hausten.

Sak 4 – Styrings og leiingsformer på fakultet og institutt: instituttrådet

Instituttrådet drøfta saka, og fleire peikte på at prosessen kring dei nye retningslinene for instituttrådet var uklar og uoversiktleg. Det vart i møtet òg referert til lesarbrevet i På Høyden frå instituttleiarane ved tre fakultet om "Uryddig styrings- og ledelsesmodell ved instituttene"

(http://nyheter.uib.no/?modus=vis_leserbrev&id=43761). Vidare vart det spurt om ikkje fakultetsstyret kan venta lenger enn til møtet 16. juni med å vedta utfyllande retningslinjer for instituttråda.

I tråd med synspunkt fremja av Chiquito, gjorde Uthaug framlegg om å kutta den andre setninga under punkt A, og framlegget til vedtak vart endra i tråd med dette.

Vedtak (samrøystes):

A) Alle faga bør ha eigne gruppe A-representantar i rådet ved Institutt for framandspråk.

B) Det bør ikkje opnast for eksterne medlemar i instituttrådet.

C) Det bør vera rom for at talet på rådsmedlemar varierer frå institutt til institutt så lenge balansen mellom gruppe A, B, C og D er nokolunde lik mellom institutta ved fakultetet.

Sak 5 – Universitetet i Bergen og omverda

Universitetet skipa 19.5 til ein konferanse om tilhøvet mellom UiB og omverda. Breivik orienterte om saka og om konferansen. Humaniora var heilt utelate frå innlegga som vart haldne. Andre slutta seg òg til kritikken av at HF var usynleggjort i handlingsplanen og på konferansen. Det vart m.a. òg reist kritikk mot at omverda vart oppfatta nærast som identisk med regionen Vestlandet.

Breivik gjorde framlegg om å setja ned ein komité som arbeider med ei kort høyringsfråsegn frå IF om universitetet og omverda. Lillian Helle, Ana Beatriz Chiquito og Leiv Egil Breivik utgjer komiteen.

Sak 6 – Ymse

Ingen saker.

Beatrice Sandberg,
leiar av rådet

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef